



Høgskulen
på Vestlandet

SAMSPEL
BEREKRAFT
NYSKAPING



Årsrapport 2019

Fakultetet for helse- og sosialvitenskap

Innhold

Nøkkeltall 2019	3
Tilbakeblikk på 2019	5
Utdanning	6
Samhandling og formidling	9
Forskning og innovasjon	12
Organisasjon og leiing	15

Nøkkeltal 2019

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

5 campus

med helse- og sosialfagleg utdanning og forskingsaktivitet

ORGANISASJONEN



488 årsverk



3 institutt

UTDANNING OG FORSKING



4900 studentar



28 studieprogram



28 forskargrupper

SAMHANDLING



280 praksisavtalar



105 internasjonale avtalar

Førde

Sogndal

Bergen

Stord

Haugesund



Tilbakeblikk på 2019

Fakultetet starta 2019 med ein fersk strategi-plan for fakultetet, og vi skulle gjennom året ta dei første stega mot dei måla vi skulle nå i løpet av den fireårige strategiperioden. Denne års-rapporten byggjer på den planen vi la for året, og viser at fakultetet er i god utvikling og at mange sentrale strukturar er på plass.

Utdanningspyramiden vart komplett etter godkjenning av ph.d.-utdanning i helse, funksjon og deltaking. Forskarutdanninga er viktig for fakultetet, fordi den har implikasjonar for bygging av profil, kunnskapsutvikling, kompetanseutvikling, studieportefølje og læringsmiljø.

Fakultetet har hatt ei god utvikling på fleire frontar gjennom året. Det er gledeleg å sjå at fleire store prosjekt, med involvering av tilsette på tvers av fakultetet og campus, har bidrege til organisasjons- og kulturbygging.

Årsrapporten viser også til område vi bør ta med oss og jobbe vidare med i 2020. Vi må mellom anna gjere vårt til at vi får meir saumlause administrative prosessar i høgskulen, og vi må utvikle og utnytte fakultetet si samhandling med omgjevnadane. Det vi må gjere både nasjonalt og internasjonalt.

Men vel så viktig er det å jobbe vidare med intern kommunikasjon og samhandling i den store organisasjonen som fakultetet er.



Dekan Randi Skår

Utdanning

«Det største utviklingsarbeidet knytt til utdanning i 2019 har vore fakultetet sitt arbeid med utvikling og samordning av utdanningar på alle nivå.»

- Anne-Grethe Nausdal, prodekan for utdanning

Strategimål for 2023



- > høg rekruttering og god gjennomstrømming
- > læring gjennom heile livet, samarbeid, kommunikasjon, innovasjon og kritisk refleksjon
- > kompetente profesjonsutøvarar som arbeider utifrå eit ressurs- og brukarorientert perspektiv



Foto: HVL / Falkeblikk

Ved **bachelorutdanningane** har arbeidet vore samordning av utdanningar som går ved fleire campus, implementering av nye forskrifter, og nasjonale retningslinjer for dei ulike utdanningane .

Fakultetet tilbyr no **sju nye studieprogram** hausten 2020 med bachelor i barnevern, ergoterapi, fysioterapi, radiografi, sosialt arbeid, sjukepleie og vernepleie.

Det er samstundes utarbeidd planar for å fase ut eksisterande studieplanar, for å sikre god kvalitet og relevans i desse.

For å kunne svare på sikring av heilskaplege studieløp, berekraftige studiar, lokale profilar, fagleg eigenart og

at studiane våre tilfredsstillar lover og forskrifter, har vi i 2019 tatt grep gjennom arbeid med eit større prosjekt kring studieporteføljen kring **master-, etter- og vidareutdanningar**.

Vi har jobba med felles organisering, innhald, emnetilbod og drift av master-, etter- og vidareutdannings porteføljen vår. Prosjektarbeidet har vore tema på utvida leiarsamling, i utdanningsutval og fakultetsråd og i fagseksjon-, institutt- og fakultetsmøter og samlingar.

Som del av prosjektet har vi fastsett 10 prinsipp for struktur, organisering og drift av masterstudia ved fakultetet. Desse skal ligge til grunn når vi utviklar og reviderer våre studieprogram framover.

Samarbeid regionalt og internasjonalt

Større samarbeid mellom fagmiljø på tvers av institutt, fagseksjonar og campus vil bidra til å styrke kvaliteten i studieprogramma.

Våre tre institutt har utarbeidd rapportar kring status og utviklingsbehov kring sine fagområde. Desse ligg til grunn for den heilskaplege vurderinga som fakultet har arbeidd med i 2019.

Eit omfattande studietilbod er gjennomgått og samordna i stor grad. Arbeidet med å sjå **utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen** under eitt og sikre gode tilbod ved våre fem campus vil halde fram i 2020.

SEFØ-modellen til HVL er nytta i arbeidet. Dei største endringane i porteføljen er at vi i løpet av året har utvikla og godkjend ein ny **internasjonal master i "Healthy Ageing and Rehabilitation"** med oppstart 2020.

Vi har lagt ned master i helse- og omsorgsvitenskap og hatt ein større revisjon av master i samhandling, som no vert **master i samhandling og folkehelse** med opptak ved fleire campus. Fleire studieprogramgrupper er under arbeid i overgangen mellom 2019/2020.

Førde

Sogndal

Bergen

Stord

Haugesund




Foto: iStock



Foto: HVL / Falkeblikk

Praksisprosjekt bachelor

Fakultet etablerte i 2019 eit eige praksisprosjekt med hensikt om å utvikle felles prosessar og tiltak som kan bidra til å heve kvaliteten, sikre relevans og styrke samhandlinga mellom utdanning og praksisfelt, samt sikre god ressursbruk knytt til praksisstudiane. Prosjektgruppa består av tilsette og studenttillitsvalde frå fakultetet, representantar frå KS, Helse Vest og NAV. Prosjektperioden er frå 1.august 2019 til 1.juli 2020. Praksisprosjektet har ei eiga heimeside med oppdatert status i arbeidet.



Foto: HVL / Mauricio Pavez

Simulering og ferdigheitstrening

Frå 1. august 2019 gjekk prosjekt SimArena ved campus Bergen over i drift, og blir no organisert som ei faggruppe i FHS, gjeldande for alle fem campus. SIM-arena skal vere knutepunktet der vi byggjer vidare på kompetansen vår innan simulering og ferdigheitstrening. Det skal vi gjere på tvers av campusar og institutt, og i tett samarbeid mellom ressurspersonar med kompetanse på simulering.



Foto: HVL / Marthe Berg-Olsen

Implementering av kvalitetssystem

I lys av store utviklingsarbeid kring vår samla studieportefølje, har fakultetet særleg arbeidd med å sikre at vi har velfungerande studieprogramråd. Råda skal særleg sikre medverknad i kvalitetsarbeidet frå praksisfelt, studenttillitsvalde og tilsette i fakultet, og er det viktigaste organet for utvikling av kvalitet i utdanningane våre. 19 av 21 studieprogramråd har gjennomført møter i 2019. I 2020 vil vi jobbe for å utvikle form og innhald i studieprogramråda, slik at dette vert ein arena der ein verkeleg grip tak i resultat av evalueringar og vurderer og foreslår relevante kvalitetstiltak.



Fakultetet vil gje meir opplæring og rettleiing, og utvikle gode malar for hjelp i arbeidet framover.

Gjennomstrøyming

Fakultetet har jamt over godt svar mellom KD-studieplassar og tal på aktive studentar, og samanhengen mellom KD-studieplassar og studiepoengproduksjon er god. Studentane gjer seg i stor grad ferdige innan normert tid. For våren 2019 er det ein betring for bachelorutdanningane der 68,6% fullførte våren 2019 og så langt eit fråfall på 19,8 %. For masterutdanningane er gjennomstrøyming meir utfordrande. Masterutdanningane har ulike gradar av heil og deltid. Vi ser at fleire studentar brukar to semester ekstra for å bli ferdige.



God studiestart

I 2019 har fakultet hatt særskilt fokus på god studiestart, gjennom oppfølging og implementering av tiltak fakultetet satt i gang ut i frå strategiske midlar i 2018. God studiestart, har vidare hatt stort fokus gjennom utvikling og implementering av høgskulen sitt fellesemne for bachelorutdanningar "Danning og akademisk handverk". FHS sine sju bachelorutdanningar er pilot på gjennomføring av fellesemne frå hausten 2020.



Samhandling og formidling

«I 2019 har vi arbeidd med å inngå samarbeidsavtalar med helseføretaka, revidert internasjonale avtalar og fått gode system på plass ved HVL som kan mogleggjera gode rutinar for rapportering av delte stillingar. »

- Anne-Grethe Nausdal - prodekan for utdanning

Samarbeid med arbeidslivet

Alle våre bachelorprogram, og ein del av våre masterprogram, har praksis ute i arbeidslivet som stor del av sitt utdanningsprogram.

Gjennom oppfølging av studentar i praksisstudiar kjem våre fagtilsette i nær kontakt med praksisfeltet, og tar med innspel herifrå inn i arbeidet med å utvikle utdanningane.

Vi samarbeider med 6 helseføretak på Vestlandet, om lag 200 kommunar, alle NAV-kontor i Vestland fylke, fleire statlege institusjonar og over 60 private institusjonar.

Strategimål for 2023



- > føretrekt samarbeidspartnar for helse- og sosialfag
- > naturleg møtepunkt og ein aktiv bidragsytar i formidling og deling av kunnskap
- > Internasjonal samarbeidspartnar

Til saman har vi samarbeid med nærmare 600 partnarar frå arbeidslivet. I studieprogramråda og i utviklingsarbeidet kring studieprogramma har fakultet brei deltaking frå arbeidslivet.

Vi har vidare tett samarbeid med arbeidslivet gjennom mellom annan Alrek helseklynge, utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester i Haugesund, Bergen og Førde, Senter for omsorgsforskning Vest, FOUSAM som er ei felles forskings- og utviklingseining mellom Helse Fonna, HVL og 18 kommunar og Senter for helseforskning i Førde.





I 2019 har vi arbeidd med å få system på plass ved HVL som kan mogleggjere gode rutinar for rapportering av delte stillingar. Ved HVL deler man dei delte stillingane inn i 3 kategoriar. Reelle delte stillingar (dei som har fleire arbeidsgjevarar), bistillingar (meir enn 100% stilling) og kombinerte stillingar som er frikjøpte for å jobbe delar av stillinga i arbeidslivet/praksisfelt.

I 2019 hadde vi fylgjande i delte stillingar, sjå illustrasjonen over.

Samarbeidsavtaler

Det har i 2019 vore arbeidd med å inngå overordna samarbeidsavtaler (nivå 1) og samarbeidsavtaler om utdanning og praksis (nivå 2) med helseføretaka Helse Bergen, Haraldsplass diakonale sykehus, Helse Førde og Helse Fonna. Tilsvarande vert det arbeidd med samarbeidsavtaler knytt til kommunane. Det er lagt grunnlag for praksisavtaler med Stavanger Universitetssjukehus, Sørlandet sjukehus, kommunar i Vestland fylke samt andre kommunar kor vi har regionale utdanningar, private institusjonar og ideelle organisasjonar. Brev og avtaleutkast er sendt til alle kommunar i Vestland fylke.

Vi jobbar med å vurdere korleis dagens avtaler om forskning og innovasjon, Kunnskapskommunen, Helseforskning i Sogn og Fjordane og FOUSAM, kan koblast til ein ny overordna avtale.

Desentraliserte utdanningar

Det er eit stort behov for fleire helse- og sosialfaglege kandidatar, og det er særleg stort behov for nye kandidatar innan sjukepleie og vernepleie. Det har vore møter mellom leiing i fakultet og kommunar, der det har komyt ynskje om fleire desentraliserte studietilbod. For å komme dette i møte har vi i 2019 omdisponert studie-plassar frå desentralisert deltidsutdanning i Bergen til igangsetting av desentralisert sjukepleie i Nordfjord og på Haugalandet. Vi har også søkt om fleire studie-plassar til desentraliserte tilbod frå KD utan å lykkast.



Foto: HVL/ Falkeblikk




Internasjonalisering

Fakultetets internasjonale avtaleportefølje vart sett under revisjon i 2019. Våre 105 avtalar i 35 land vert vurdert etter fastsette prinsipp. Avtalene skal gjelde for heile fakultetet, omfatte både studentmobilitet, tilsettmobilitet og forskningssamarbeid og i hovudsak inngåast med utdanningsinstitusjonar. Alle studieprogram som fører til ei grad skal ha eit mobilitetsvindaug, i tillegg til internasjonaliseringstiltak heime.

Fakultet arrangerte internasjonalt seminar i november 2019, digitalt frå alle campus. Det er tilrettelagt for utveksling i visse semester på dei nye studieprogramma, mens internasjonalisering heime i ulik grad er implementert.

Foto: Alrek helseklynge



Fag- og profesjonsbaserte nettverk

Fakultet deltek i mange ulike fag- og profesjonsbaserte nettverk både nasjonalt og internasjonalt. I 2019 har det særleg vore stor aktivitet knytt til Alrek Helseklynge med Senter for omsorgsforskning vest og omsorgsteknologilaben som er knytt til eit strategisk prosjekt i HVL (THOM). THOM-prosjektet er eit samarbeid mellom FHS og FIN og omfattar teknologi i helse og omsorg. Fagmiljøet her skal fysisk samlokaliseras i Alrek helseklynge haust 2020, og det har vore mykje planleggingsarbeid knytt til dette. Fagtilsette frå heile fakultetet deltek i fleire faggrupper som er oppretta i forbindelse med utviklinga av Alrek helseklynge. Det er også fokus på å involvere studentar i klynga og i den forbindelse har det vore lyst ut samarbeidsmidlar (HVL bidreg med ein andel der) som skal nyttast til fag- og utviklingsprosjekt, og det har vore arrangert frukostseminar der studentane særskilt er invitert. Fakultetet har fremja at mellom anna TVEPS-samarbeidet med UiB kan vidareutviklast i klynga.

Forsking og innovasjon

«Det nyoppstarta ph.d. studiet «Helse, Funksjon og Deltaking», aktive forskargrupper og auka fokus på ekstern forskningsfinansiering har det særleg vært jobba med i 2019.»

- Alice Kvåle, Prodekan for forskning

Fakultetet har redusert talet på forskargrupper frå 30 til 20. I 2019 er det **arbeida særleg med å få forskargruppene aktive**, spesielt i høve til å søkja om eksterne forskningsmidlar.

I løpet av 2019 vart det oppretta informasjonssider på nett om forskargrupper og prosjekt ved FHS, noko som er viktig for å etablere samarbeid både eksternt og internt.



Foto: HVL / Falkeblikk

Strategimål for 2023



- > sterke forskingsprofilar i ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking
- > praksisnær forskning av høg internasjonal kvalitet
- > relevant for utdanningane og utfordringar innan helse- og velferdstenestene

Informasjon om **pågåande prosjekt og namn på medlemmane i forskargruppene ligg ute på FHS si nettside** under dei ulike forskargruppene. Tilsette, særskilt nyttilsette, vert jamleg oppfordra til å verta medlem i ei forskargruppe og kople seg til prosjekt.

Ekstern finansiering og internasjonalisering

Det har vore auka **fokus på å søkja om ekstern forskningsfinansiering** ved fakultetet i 2019. Alle som ynskjer å søkje eksternt vert no knytt til to rådgjevarar og ein prosjektøkonom gjennom avdeling for forskning, innovasjon og internasjonalisering.

Sterkare forskargrupper og ei ny føring der tildeling av stipendiatstillingar frå Kunnskapsdepartementet (KD-stillingar) føreset at ein har søkt om eksternt finansiert prosjekt, vart innført i 2019 av FoU-utvalet og leiinga i fakultetet.

Dette førte til ein auke frå tre søknader til Norges Forskningsråd (NFR) i 2018 til 16 i 2019, samt seks søknader til andre kjelder som t.d. Helse Vest. To av søknadene til NFR vart innvilga, og Stiftelsen Dam innvilga to søknader. Alle forskingsgruppene har også internasjonalt forskingssamarbeid eller nettverk.

Innovasjon og samarbeid

For å stimulere til innovasjon gjennom samarbeid på tvers av fagfelt, **arrangerte vi eit eige Forskarforum to gonger i 2019**. Begge gongene vart eit bredt fagmiljø og leiarar ved fakultetet invitert, i tillegg til representantar frå dei andre fakulteta ved HVL.

I Forskarforum 5. juni vart blant anna ulike fagmiljø ved fakultet og prosjekt presentert. Det andre Forskarforum vart arrangert 18. desember. Tema då vart blant anna universitetsambisjonen til HVL, kva pedagogisk utviklingsarbeid inneber og kompetansestatus.



Foto: HVL / Falkeblikk

Ein publikasjonspris for beste vitenskaplege artikkel frå 2018 vart også utdelt. Til saman 13 innsendte artiklar konkurrerte.



Foto: Shutterstock

Involvering av studentar

Om lag **50 prosent av dei fagtilsette i 2019 har vore involvert i større eller mindre forskingsprosjekt**. Av desse er alle medlem i ei av dei 20 forskargruppene eller i nettverka ved fakultetet.

Vel 200 av desse forskarane bidreg inn i undervising i ulike bachelor- og masterutdanningar, og i vidareutdanningar. I tillegg bidreg stipendiatar (om lag 34), forskarar (3) og post-doc (3) inn i undervisninga ved fakultetet. Styrking av forskingsbaserte utdanningar har vore på dagsorden ved fleire høve i 2019. Vi har hatt fokus på at våre store forskingsprosjekt i større grad bør gje ein direkte avleggjar i utdanningane. Vi har prosjekt som eignar seg godt til å bli ein del av utdanningane våre.





Foto: Shutterstock

Ph.d. Helse, funksjon og deltaking

Ph.d. studiet i Helse, funksjon og deltaking vart godkjent av NOKUT i april 2019. Allereie 29. april vart dei første stipendiatane tatt opp, inkludert tre kandidatar som begynte med KD-stipend i 2018 i vente på igangsetjing av ph.d. programmet. Det vart til saman tatt opp 11 stipendiatar i programmet i 2019.

Vi er godt i gong med å skape eit godt stipendiat- og rettleiarmiljø. Dei 11 stipendiatane som starta på ph.d.-programmet har alt møttest ved tre høve; opninga i juni, og to samlingar i samband med gjennomføring av profilemnet PHDH901 i september. Det fyrste Stipendiatforumet vart arrangert 11. november, og rettleiarkurs vart arrangert 18. november.

Det andre ph.d.-emnet vart arrangert i oktober-november, og vart knytt til forskingsdesign og metodar.

Organisasjon og leiing

« Den formelle organiseringa av HVL er i ferd med å finne sin form, men det står framleis att arbeid med å utvikla ein felles kultur og ein betre kommunikasjon i den nye organisasjonen».

- Trude Engebretsen, administrasjonssjef

Intern kommunikasjon

Vi har i 2019 **fått på plass eit fast nyheitsbrev**. Det blir sendt til alle tilsette ved fakultetet kvar 14. dag. Nyheitsbrevet inneheld informasjon om blant anna utdanning, forskning og administrative rutinar ved fakultetet.

Fakultetets si **heimeside på intranettet** blir også nytta for å involvere og informere om prosessar og avgjerdsjar.



Strategimål for 2023



- > samarbeid mellom utdanning og forskning, fag og administrasjon
- > godt arbeidsmiljø, høg trivsel og eit tett samarbeid
- > profesjons- og arbeidsretta kompetanseprofil hos tilsette

Her blir blant anna referat frå møte i fakultetsleiinga, informasjon- og drøftingsmøte med tillitsvalte, råd og utval publisert, slik at desse er opent tilgjengeleg.

Fakultetet har også utarbeida ein **kommunikasjonsplan for strategiperioden 2020-2023**.

Einskapleg leing

Fakultetet vedtok i april eit eige **myndigheitskart for personale og økonomi**. Det er ein oversikt over korleis myndigheit tillagt dekan er vidare delegert i fakultetet.

Det har vore utfordringar knytt til å iverksette og innføre myndigheitskartet. Det har difor vore vektlagt i møte med instituttleiing og i utvida leiarsamlingar. Det er blitt **betre flyt i mange rutinar** etter at myndigheitskartet ble innført. Vi vil prioritere vidare arbeid med innføringa i 2020.

Myndigheitskartet er publisert på intranettsidene til fakultetet og gjort kjent i nyheitsbrevet.

System for leiarstøtte

Fakultetsadministrasjonen har i året som gjekk, etablert **tett dialog med fagmiljøa** ved å delta på møter med instituttleiinga og i fagseksjonane. Dette har bidratt til god dialog om leiarane sine behov knytt til administrative støttefunksjonar. Det å vera til stade og tett på fagmiljøa ser vi gir stor nytte, og vi vil jobba vidare med dette i 2020.

Fakultetsadministrasjonen har også fått fleire nye tilsette, som skal styrke kompetansen på strategisk viktige områder. Dette gjeld blant anna eigne forskingsrådgjevarar, fakultetsrådgjevarar og HR-rådgjevar

Samstundes har året vore prega av å bygge saman dei ulike administrative einingane i HVL, samordne rutinar og utvikle ein felles praksis. Det er framleis ein veg å gå knytt til oppgåver og prioriteringar mellom felle-administrasjonen og fakultetsadministrasjonen.



Foto: Shutterstock

Leiarutvikling

Vi har lagt til rette for at fleire **fagseksjonsleiarar deltek i leiarutviklingsprogrammet i HVL**. I tillegg har alle moglegheit til å delta på leiarutviklingskursa som blir gjennomført med jamne mellomrom. Vi har utvida leiar-samling ein gong i semesteret.

Kompetanse og rekruttering

Fakultetet har vore sterkt involvert i arbeidet med å utvikle et fellesadministrativt verktøy for heile HVL for å kartlegge kompetanse, bemanning og rekruttering. Vi har bidratt til utvikling, testing og forbetring av rapporter og datakvalitet.

I påvente av eit fellesadministrativt verktøy har fakultetet tatt i bruk DFØ fagbrukarsinnsikt og utvikla rapporter. Dette gir ein oversikt over kompetansenivået hos tilsette ved fakultetet.




Foto: Shutterstock

Strategiske kompetansetiltak

I 2019 tildelte fakultetet **58.000 timar i FoU-tid** til fast tilsette. I tillegg vart 2000 timar tildelt til høgskulelektorar som vil kvalifisere seg til førstelektor. Til saman 12 personar fekk tildelt timar.

Vi prioriterte å tilby kompetansetiltak til høgskulelektorar i form av avkorta ph.d.-stipend og førstelektorstipend, og lyste ut til saman seks stipend med søknadsfrist 20. desember 2019.

Det var fem tilsette som søkte om avkorta ph.d.-stipend



(1,5 år på fulltid) og 19 søkte om førstelektorstipend (50% FoU-tid i 2 år). Stipenda vert tildelt etter vurdering av sakkyndig kommisjon.

Målet vart å heva del av tilsette med førstekompetanse i fakultetet. I tillegg er det forventet store utskiftingar dei komande åra der tilsette med høg kompetanse går av med pensjon. I nokre fagmiljø er det også vanskeleg å rekruttere tilsette med førstekompetanse.

Likestilling og mangfald

For opptak 2019/2020 var rekruttering av menn ei satsing vi spelte inn til rekrutteringsansvarleg, men usikker på tiltak og resultat. Fellesadministrasjon og HR-rådgjevar på fakultet arbeider med å opprette et samarbeid for å ivareta slike oppgåver.

Organisering av forskingsaktivitet og senter

Eit viktig mål i 2019 var å **følgje opp styresaka om senterstruktur frå mars** same år, og etablere ein ny struktur i fakultetet som byggar opp under strategien. For å fylgje opp styresaka, vart det nedsett ei arbeidsgruppe våren 2019. Mandatet for arbeidsgruppa var å **vurdere og tilrå ulike alternativ** til korleis forskingsmiljøet ved Senter for kunnskapsbasert praksis kan styrke utviklinga av fakultetet, ved integrasjon i andre forskingsmiljø eller organisatoriske einingar.

Arbeidsgruppa la ned eit betydeleg arbeid i å kartlegge forskingsaktiviteten ved fakultetet, og foreslo fleire modellar for vidare organisering. Arbeidsgruppa leverte sin rapport i november 2019. Dekan gjennomførte etter det møter med senterleiingane for å drøfte vidare prosess, samstundes som fakultetsleiinga hadde saka til drøfting. Ved utgangen av året vart det lagd ein tidsplan for vidare arbeid over i 2020.

Resultat på utvalde nasjonale styringsparameter

Tabell 1 viser korleis HVL og fakultetet skårar på nasjonale styringsmål

Nasjonale styringsparameter	2019	
	HVL	FHS
Bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	57,94 %	Ca. 70 %
Masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	55,49 %	Ca. 36 %
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (på ein skala frå 1-5)	3,93	Studiebarometeret 4,0
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	32,88	Studiebarometeret 37,9
Publikasjonspoeng per fagleg årsverk	0,65	0,47
Utreisande utvekslingstudentar på Erasmus+ av total del studentar	0,65	0,94
Bidraginntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk (1000 kr)	44,37	34,19
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	131,77	Tal ikkje tilgjengelige p.t
Antall studiepoeng per fagleg årsverk	569,01	623,93
Førebels tilsette i undervisning- og forskarstillingar	12,11 %	11,38 %
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar	45,32 %	65,56 %

Tabell 2 viser fakultetet sine resultat på kandidatmåltal frå Kunnskapsdepartementet

Kandidatmåltal helsefagutdanningar KD	2019	
	Måltall KD	Resultat
Anestesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie (ABIOK)	60	25
Ergoterapi	30	40
Fysioterapi	68	70
Jordmor	35	35
Radiograf	25	30
Sjukepleie	435	520
Vernepleie	86	120

Utvalde¹ måleparameter frå utviklingstavla

Tabell 3 viser korleis HVL og fakultetet skårar på mål frå utviklingsavtala

Måleparameter i utviklingsavtala med KD	2019	
	HVL	FHS
Talet på førstekompetente, professorar og dosentar	56,2/14,1	48,3/12,1
Talet på internasjonale professor II-stillingar	23	4
Talet på offentleg-ph.d. og nærings-ph.d. i doktorgradsprogramma	2	0
Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar ²	55,6 %	81,5 %

¹Utvalde måleparameter frå utviklingstavla

²Del skriftlege digitale eksamenar



Høgskulen
på Vestlandet

Campus Haugesund
Bjørnsonsgate 45

Campus Stord
Klingenbergvegen,
Rommetveit

Campus Bergen
Inndalsveien 28 /
Møllendalsveien 6-8

Campus Førde
Svanehaugvegen 1

Campus Sogndal
Røygata 6

Høgskulen på Vestlandet Postbox 7030 N-5020 Bergen Norway +47 55 58 58 00 post@hvl.no hvl.no
Facebook [hvl.no](https://www.facebook.com/hvl.no) Twitter [@hvl_no](https://twitter.com/hvl_no) Instagram [@hvl.no](https://www.instagram.com/hvl.no) LinkedIn Høgskulen på Vestlandet (HVL)